

Referat årsmøte Askvoll JFL og Leirduegruppa 19.03.2026

Stad: Leirduebana i Skorva

Til stade: Anne Grethe Lien, Håkon Ekorud, Thomas Risting, Kåre Leknes, Gunnar Leknes, Magnar Leknes, Ida Sofie Ekorud, Jon Hetland, Torbjørn Leknes og Eirik Leknes

Signering av årsmøteprotokoll: Torbjørn Leknes og Kåre Leknes

Innkalling

- Det var ikkje merknadar til innkallinga og denne vart godkjent.
- Magnar Leknes vart vald som ordstyrar, og Eirik Leknes som referent.

Rekneskap og økonomi

- Rekneskapen for begge lag vart funne i orden av årsmøte. Leirduegruppa kan vise til eit overskot på 9575,-, og driftsinntekter på 161000,-. Hovudlaget kan vise til eit overskot på 7070,- og driftsinntekter på 46 484,-.
- Styret sitt framlegg til budsjett vart godkjent av årsmøte, og ein nyttar fjorårets rekneskapstal som budsjett for 2026.
- Det vart gjort framlegg på årsmøte om moglegheitene for innkjøp av rekneskapsprogram for føring av rekneskap. I denne samanhengen vart det også gjort framlegg at reknskapsførar kan gå til innkjøp av eit slikt system. Dette vart einstemmig godkjent på årsmøte.
- Det vart gjort framlegg på årsmøte om å gå til innkjøp/oppretting av Microsoft konto for tilgang til Office programvare for administrative føremål. Dette vart einstemmig godkjent på årsmøte
- Det vart gjort framlegg på årsmøte om at medlemskontingenten vert uendra. Dette vart einstemmig godkjent.

Årsmelding

- Årsmeldinga til begge lag vart opplesen og godkjent. Årsmeldinga ligg tilgjengeleg for nedlasting på Askvoll JFL sine sider: njff.no/sogn-og-fjordane/askvoll

Førespurnad i frå Askvoll Sau og Geit om støtte til revefondet

- Det vart gjort framlegg på årsmøtet at Askvoll JFL støttar revefondet med ein eingongssum på 5000 kr for året 2026.

Tilbod om rifleinstruktørkurs

- Framlegg på årsmøtet at Askvoll JFL gjev løyve til jegerprøvegruppa om å sende personar på rifleinstruktørkurs. Dette vart einstemmig godkjent på årsmøte.

Val i medhald til føreskrifter

Styrets samansetjing 2026:

- **Leiar:** Torbjørn Leknes (tok attval, valt for eit år til)
- **Nestleiar:** Ida Sofie Ekorndrud (valt 2026, på val i 2028)
- **Kasserar:** Eirik Leknes (valt 2026, på val i 2028)
- **Sekretær:** Arild Grytten (valt 2025, på val i 2027)
- **Styremedlem:** Anne Grethe Lien (valt 2025, på val i 2027)
- **1. vara:** Håkon Ekorndrud (valt 2025, på val i 2027)
- **2. vara:** Loyd Mandelid (valt 2026, på val i 2028)
- **Revisor nr. 1 og 2:** Sissel Grytten og Linn Marie Leknes

Valnemnd:

- **Leiar:** Gunnar Leknes
- **Medlem:** Jørn Magne Hersvik Larsen
- **Medlem:** Thomas Risting

Skorva 19.03.2026

Eirik Leknes (Referent)

Signert av: Torbjørn Leknes og Kåre Leknes

Kåre Leknes Torbjørn Leknes
